



Vedtak på årsmøte 04.03.2021

Til Orkland og Skaun kommunar

Ta vare på natur og dyrka mark i kommuneplanane

Vi ber kommunane gå systematisk gjennom dagens kommuneplanar, og tilbakeregulere til område for Landbruk, Natur, Friluftsliv og Reindrift (LNFR) der det er mogleg. Dette gjeld område som er regulerte til hyttebygging, industri, bustad etc, og dreier seg både om dyrka mark, myr, skogsområde, og annan natur. Ikkje minst gjeld det område på Svarthammaren og Remmafjellet i Orkland, som i dag er regulerte til vindkraftindustri. Vi ber om restriktiv bruk av dispensasjonar som kan gje inngrep i LNFR-område, og om stort atterhald i ny regulering frå LNFR til andre føremål. Det bør bli lagt spesiell vekt på å hindre oppstyking av større samanhengande naturområde.

Arealbruk og tap av artar

FNs berekraftsmål blir lagt til grunn for arbeidet i kommunane, og vi vil spesielt vise til FN's naturpanel, IPBES, som i 2019 kom med ein skakande rapport:

«– Bevisene er krystallklare: naturen er i trøbbel. Derfor er vi i trøbbel»

Naturpanelet slår fast at tap av leveområde er den viktigaste årsaka til tap av artar, og Miljødirektoratet seier at 2.000 artar er truga i Noreg, og også her er tap av leveområde den viktigaste risikoen. Kvar inngrep kan synest lite, og kan bli vurdert som lite risikofylt, men til saman utgjør dei store inngrep som totalt sett trugar det norske biologiske mangfaldet.

Difor er kvar kommuneplan, og kvar kommunes praksis for dispensasjonar viktige. Alle dei små inngrepa blir til saman ein trugsel mot det biologiske mangfaldet. Halvparten av alle artar på den norske raudlista lever i skog, det er difor viktig å ta vare på skogsareala og vurdere korleis dei blir skjøtta.

Arealbruk, skogsdrift, myr og klima

I tillegg til det biologiske mangfaldet, har myra og jorda i skogen enorme lagre for karbon/ CO₂.

Forskarar seier at 15 cm tjukk norsk myr har lagra like mykje karbon per dekar som velfungerande tropisk regnskog. Mens regnskogen er i balanse, blir stadig nytt karbon lagra i myra. Ved inngrep blir store delar av karbonet frigjeve som klimagass, og når norske myrer mange stadar er fleire meter tjukke, blir det enorme tal. Tilsvarande i skogen, med fire gongar meir karbon lagra i jorda enn i sjølve trea, ifølgje Skogeierforbundet.

Dyrka mark

Det har nyleg kome fram i Nationen at tap av dyrka mark har vore mykje større enn dei offisielle rapportane. I 2000 var det 2 mål fulldyrka jord bak kvar innbyggjar; i 2020 er det berre 1,5 mål.

Under 1% av Noregs landareal eignar seg til korn, potet, grønsaker etc. Resten blir i hovudsak brukt til gras, og det totale arealet dyrka mark er i dag under 3%. Det er i tillegg slik at det i hovudsak er den beste jorda som blir bygget ned, og kanskje erstatta med jord som har langt mindre produksjon. Dette er dramatisk for den framtidige matforsyninga, og i felles rundskriv (februar 2021) frå ministrane for Landbruk- og mat og Kommunal- og modernisering, blir det lagt stor vekt på at kommunane og statsforvaltarane må setja jordvern høgt på dagsorden.